

## PRESSEMELDING

### RESULTAT FOR ALSAKER KONSERN I 2021

Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit resultat før skatt på kroner 517 millionar i 2021. Med ein omsetnad på kr 2.032 millionar gir dette ein resultatmargin på 25,4 %.

Alsaker er eit vertikalintegreert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2021 4 smoltanlegg, 24 matfiskkonsesjonar, eit slakteri og eit havbrukssenter.

Produksjonen i konsernet skjer i 14 kommunar: Alver (Meland), Bjørnafjorden (Fusa), Bømlo, Etne, Kvam, Kvinnherad, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Stavanger (Rennesøy), Sandnes, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

I 2021 produserte konsernet nesten 37.000 tonn laks, mot 40.000 tonn året før. Slaktevolumet var uendra samanlikna med året før.

Ved utgangen av 2021 var det 253 fast tilsette i Alsaker-konsernet. Konsernet har godt kvalifiserte og motiverte personar i alle ledd i organisasjonen.

Alsaker Konsern		
(Alle tal i mill. NOK)	2021	2020
Sum driftsinntekter	2 032,4	1 914,7
EBITDA	610,0	644,4
Driftsresultat	479,4	525,0
Resultat før skatt	517,2	496,3

Konsernrekneskapan for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP)

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året kr 1.806 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 58 %.



Har De spørsmål, eller ynskje om ytterlegare kommentarar, kan De ta kontakt med adm.dir. Gerhard Meidell Alsaker, telefon 53 43 01 10, eventuelt mobil 90 10 5000.